



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Sluttrapport etter forvaltningskontroll i Vindafjord kommune

14.juni 2017

Tema for kontrollen var kommunen si handtering av følgjande ordningar:


- Tilskot til avløyning ved sjukdom
- Forvaltning av ordningar på skogområdet
- Tilskot etter regionalt miljøprogram

Vår referanse: 17/4425

Innhald

1.	Samandrag	3
2.	Innleiing.....	4
3.	Bakgrunn for kontrollen.....	4
4.	Heimel for kontrollen.....	4
5.	Opplysningar om gjennomført kontroll	5
5.1	Faktaopplysningar om sjølve kontrollen.....	5
5.2	Møter, intervju og dokumentgjennomgang	6
5.3	Tema for forvaltningskontrollen	6
6.	Funn	7
6.1	Definisjonar	7
6.2	Tema 1 – Tilskot til avløyning ved sjukdom.....	7
6.3	Tema 2 – Forvaltning på skogområdet	8
6.3.1	Kva rutinar og tiltak har kommunen for oppfølging av skogkulturen – planting og skjøtsel av ny skog og oppfølging av foryngingsplikta	8
6.3.2	Tilskots- og skogfondsforvaltning - skogkultur - kontroll av underbilag, og tiltaksstrategi for nærings – og miljøtiltak i skogbruket (NMSK).....	13
6.4	Tema 3– Tilskot etter regionalt miljøprogram.....	14
7.	Oppfølging etter kontrollen	15

Verdiskaping frå jordbruket i Vindafjord, bruttoprod. totalt er 165,75 mill. kr.



Fylkesmannen sitt hovudintrykk er at landbruksforvaltninga i Vindafjord kommune har gode rutinar for oppfølging dei kontrollerte ordningane. På skog er det utfordringar i høve til kapasitet.

- 368 føretak som søker produksjonstilskot
- 110,8 mill. kr i ulike tilskot blir forvalta og utbetalt til landbruksføretak i

1. Samandrag

Fylkesmannen i Rogaland var på forvaltningskontroll i Vindafjord kommune 14. juni 2017.

Tema for kontrollen var kommunen si handtering av ordningane:

- Tilskot til avløyning ved sjukdom
- Forvaltning av ordningar på skogområdet
- Tilskot etter regionalt miljøprogram

Basert på kontrollen har vi registrert følgjande avvik og har desse merknadene:

Avvik

Tilskot til avløyning ved sjukdom

- **Avvik 1**
Manglar dokumentasjon på næringsinntekt i 2 saker

Ordningar på skogområdet

- **Avvik 2**
Foryngingsplikta er ikkje følgt opp i samsvar med regelverket
- **Avvik 3**
Ungskogpleie for å sikre ei vellukka skogetablering er ikkje følgt opp
- **Avvik 4**
Kommunen manglar strategi for nærings- og miljøtiltak i kommunen

Merknader

Ordningar på skogområdet

- **Merknad 1**
All skriftleg korrespondanse blir registrert i kommunen sitt saksbehandlingssystem, men i forhold til oppfølging av foryngingsplikta vil vi tilrå at ein tek i bruk opplegget som allereie ligg inne i økonomisystemet for skogordningane (ØKS).

Regionalt miljøtilskot

- **Merknad 2**
Ikkje oversikt over tema for stadleg kontroll

I rapporten står det om gjennomføring av sjølve kontrollen og nærare omtale av avvik og merknader.

2. Innleiing

Varsel om forvaltningskontrollen blei sendt til Vindafjord kommune i brev datert 05.04.2017. Sjølve kontrollen blei gjennomført 14. juni 2017.

Hovudtema for forvaltningskontrollen var kommunen si forvaltning av følgjande ordningar:

- Tilskot til avløyising ved sjukdom
- Forvaltning av ordningar på skogområdet
- Tilskot etter regionalt miljøprogram

3. Bakgrunn for kontrollen

I embetsoppdraget frå Landbruks- og matdepartementet har Fylkesmannen (FM) fått i oppdrag å gjennomføre forvaltningskontroll av kommunane innan landbruksområdet. FM har det regionale ansvaret for å sikre at statlege midlar blir brukt og forvalta i samsvar med gjeldande regelverk.

Føremålet var å kontrollere kommunen si etterleving av forskrift 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15 og særlovgivinga for tilskotsområda (forskrifter heimla i jordlova). FM ønskjer å kartleggje om kommunen har ei forsvarleg forvaltning av nemnte ordningar, og om kommunen si forvaltning skjer i tråd med gjeldande regelverk.

4. Heimel for kontrollen

Heimelsgrunnlaget for forvaltningskontrollen er forskrift av 12. desember 2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten § 15 *Kontroll av underliggende virksomheter og andre som utøver forvaltningsmyndighet samt tilskuddsmottakere*. Her står det i § 15 første ledd at:

”Overordnede virksomheter skal ivareta kontroll med at underliggende virksomheter og enheter utenom statsforvaltningen som utøver forvaltningsmyndighet, utfører sine oppgaver på forsvarlig måte og i henhold til § 14.

Regelverket for økonomistyring i staten skal sikre ei effektiv styring og utnytting av statlege midlar og ei god mål- og resultatoppnåing.

Ordningane som blei gjennomgått under forvaltningskontrollen er omfatta av følgjande regelverk:

- Forskrift 04.02.2004 nr. 447 om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket
- Forskrift 10.06.2015 nr. 638 om tilskot til regional miljøtiltak i jordbruket
- Forskrift 07.06.2013 nr. 604 tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket
- Forskrift 19.12.2014 nr. 1821 om tilskot til avløyising ved sjukdom og fødsel m.v
- Teknisk jordbruksavtale 2014-2015 og Jordbruksavtalen 2015-2016
- Gjeldande rundskriv for ordningane som blei kontrollerte

5. Opplysningar om gjennomført kontroll

5.1 Faktaopplysningar om sjølve kontrollen

Dato for kontroll: 14. juni 2017	Journalnummer: 2017/4425
Dato for førre kontroll: 2. mai 2013	Journalnummer: 2013/3359

Kontrollert verksemd

Kommune: Vindafjord	E-post: postmottak@vindafjord.kommune.no
Besøksadresse: Teknisk bygg, Østbøvegen 2, 5585 Sandeid	Telefon: 53 65 65 65

Til stades frå kommunen

Namn	Funksjon	Opnings -møte	Intervju	Slutt- møte
Kristian Birkeland	Rådmann	x		x
Anne Sofie Sandvik	Einingsleiar areal og forvaltning	x	x	x
Sissel Lilleland	rådgjevar landbruk	x	x	x
Anne Karin Langeland	rådgjevar landbruk	x	x	x
Gitte P.Halvorsen	rådgjevar skogbruk	x	x	x
Harald Olav Stuhaug	rådgjevar landbruk	x	x	<u>x</u>

Til stades frå Fylkesmannen

Namn	Funksjon	Opnings -møte	Intervju	Slutt- møte
Geir Skadberg	landbruksdirektør	x	x	x
Stein Bomo	Kontrollør skogordningane	x	x	x
Else F. Hodne	kontrollansvarleg og referent	x	x	x
Monica Dahlmo	Kontrollør RMP	x	x	x
Maja Stanojevic	Kontrollør sjukdomsavløysing	x	x	x

5.2 Møter, intervju og dokumentgjennomgang

Kontrollen starta med eit opningsmøte der landbruksdirektør Geir Skadberg informerte om bakgrunnen for kontrollen. Han la vekt på den viktige rolla som kommunane har i gjennomføring av landbrukspolitikken, og at kommunane si behandling av sentrale verkemiddel har mykje å seie for tilslutninga til politikken og verkemiddelbruken.

Deretter blei det gjennomført intervju om dei ulike tema.

- Stein Bomo var ansvarleg for intervju og kontroll av ordningane på skogområdet
- Maja Stanojevic var ansvarleg for intervju og kontroll av ordninga med tilskot til avløyning ved sjukdom
- Monica Dahlmo var ansvarleg for intervju og kontroll av ordninga tilskot til miljøretta tiltak
- Else F. Hodne var kontrolleiar og referent

Intervjua blei supplert med spørsmål knytt til søknader frå ulike føretak. Funn blei gjennomgått på sluttmøte.

5.3 Tema for forvaltningskontrollen

Nr.	Tema	Ønskjer svar på
1	Tilskot til avløyning ved sjukdom	Saksbehandlingsrutinar
2	Forvaltning av ordningar på skogområdet	<ul style="list-style-type: none">- Kva rutinar og tiltak har kommunen for oppfølging av skogkulturen – planting og skjøtsel av ny skog- Oppfølging av foryngingsplikta- Tilskots- og skogfondsforvaltning - skogkultur (kontroll av underbilag)
3	Tilskot etter regionalt miljøprogram	<p>Saksbehandlingsrutinar</p> <ul style="list-style-type: none">- Kva rutinar har kommunen for registrering og arkivering av søknader- Kva rutinar har kommunen for behandling av søknader- Korleis vurderer kommunen feilopplysningar i søknaden- Kva rutinar har kommunen for stadleg kontroll- Kva rutinar har kommunen for behandling av klager <p>Vi vil særleg sjå på forvaltninga av ordninga for ferdelsårer i kulturlandskapet, miljøavtalar og miljøvenleg spreiding av husdyrgjødsel</p>

6. Funn

I dette kapitlet vil FM gi ei tilbakemelding på utført kontroll fordelt på tema.

Eventuelle avvik og merknader som blei avdekka vil bli gjennomgått under det enkelte tema.

6.1 Definisjonar

Funn blir delt opp i merknadar og avvik. Definisjonen på desse to er:

- **Avvik:** Mangel på oppfylling av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.
- **Merknad:** Forhold som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som FM meiner det er nødvendig å peike på for å sikre god forvaltning av dei ordningane som er kontrollerte.

6.2 Tema 1 – Tilskot til avløyning ved sjukdom

Om regelverket

Kommunen har ansvar for å godkjenne søknader om tilskot til avløyning ved sjukdom mv. jf. § 9 forskrift for tilskot til avløyning. Kommunen sit såleis med eit særskilt ansvar for tilskotsutbetalinga. For å sikre at søknader som blir godkjente fyller krava for tilskotsutbetaling som ligg i regelverket, er det viktig med gode og oversiktlege sakshandsamingsrutinar for innkomne søknader. Gjeldande rundskriv frå Landbruksdirektoratet for aktuelle søknadsperiodar gir retningslinjer for behandling av søknader om tilskot til avløyning ved sjukdom mv.

Det er eit krav om næringsinntekt frå føretaket for å ha rett på tilskot jf. forskrifta § 6 og rundskriv 2015-43 der det står at *«Det er et vilkår at den som har blitt avløst har næringsinntekt fra foretakets jordbruks- eller gartnerivirksomhet. Næringsinntektens størrelse er knyttet opp mot grunnbeløpet (G) i folketrygden, og må være minst ½ G. Det er den gjennomsnittlige næringsinntekten i de to siste inntektsårene bonden har fått endelig skatteoppgjør for, per 1. januar i det året avløsningen har funnet sted, som er avgjørende.»* Vidare står i rundskrivet at *«Næringsinntekt fra enkeltpersonforetak (ENK) hentes fra utskrift av godkjent ligning post 2.7.1. «Inntekt fra jordbruk».»*

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kontrollen omfatta søknader frå 2015 og 2016. Kommunen har behandla 54 søknader i 2015 og 31 søknader i 2016. Kommunen har rutinar for å ta imot søknader og sjekkar at dei er innanfor søknadsfristen. Tek kontakt med NAV for å få informasjon om sjukepengar.

FM gjekk gjennom 10 søknader jf. vedlegg. Følgjande blei kontrollert: Mottatt dato registrert og innanfor søknadsfristen, at det ligg føre sjukemelding/fødselsattest, dokumenterte utgifter, dokumentasjon på næringsinntekt, skriftleg vedtak og dokumentasjon på sjukepengar.

Av dei 10 sakene som blei kontrollerte, mangla det godkjent dokumentasjon på næringsinntekt i 2 av sakene. I ei av dei to sakene var det levert sjølvmelding.

Fylkesmannen si vurdering

Dei søknadene som blei kontrollerte var registrert med mottatt dato, og var innanfor søknadsfristen. Når det gjeld dokumentasjon som skal leggjast ved søknaden, kjenner kommune til rutineane for å sikre at det ligg føre godkjent dokumentasjon på næringsinntekt. Det mangla likevel dokumentasjon i 2 saker. Godkjent dokumentasjon er utskrift frå godkjent likning.

Kommune har gode saksbehandlingsrutinar. Alle saker er samla på en ryddig og oversiktleg måte saman med nødvendig dokumentasjon.

Avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor fann vi følgjande avvik:

- **Avvik 1**
I 2 av 10 saker har ikkje kommunen sikra at nødvendig dokumentasjon av næringsinntekt ligg føre før søknadene er blitt behandla.

6.3 Tema 2 – Forvaltning på skogområdet

6.3.1 Kva rutinar og tiltak har kommunen for oppfølging av skogkulturen – planting og skjøtsel av ny skog og oppfølging av foryngingsplikta

Om regelverket

Kommunane skal på ein lokaltilpassa måte følgja opp nasjonale og regionale målsettingar. Slike målsettingar er nedfelt nasjonalt både i meldingar til Stortinget, i lovar, forskrifter og andre retningslinjer. Regionalt er dei nasjonale målsettingane gjerne tilpassa og utdypa gjennom regionalplanar, handlingsplanar og andre, gjerne årlege retningslinjer.

Oppbygging og skjøtsel av ny skog er eit tema det er sett klare mål for både nasjonalt og regionalt. Det er også gitt retningslinjer om at kommunane skal ha fireårige strategiar for bruk av midlar til nærings- og miljøinvesteringar i skogbruket (NMSK), jf. *Forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket*.

Oppfølging av foryngingsplikta er heimla i Skogbrukslova §§ 6 og 20 og tilhøyrande forskrift om berekraftig skogbruk, kapitel 3, §§ 6,7, 8 og 15. Planting etter hogst skal vere gjennomført innan 3 år. Fristen kan etter søknad forlengast til maksimalt 5 år. Det same gjeld eventuell omdisponering til innmark. Kommunen skal føre tilsyn med at reglane i lova blir haldne.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

For oppfølging av foryngingsplikta var det trekt ut i alt 13 hogstflater for kontroll.

Kommunen har etter intervjuet ettersendt all skriftleg oppfølging og dokumentasjon/korrespondanse i alle 13 sakene. Dette er tatt med i grunnlaget for våre vurderingar.

Hogstfelt 1:

Saka gjeld hogst av 90 dekar med gran i 2013 (sjå vedlegg) Arealet skal omdisponerast til innmarksbeite. Arealet er ikkje godkjent omdisponert innan 3 års fristen, men kommunen har gitt dispensasjon frå foryngingsplikta med inntil 2 år, totalt 5 år (2018) for å få sett arealet i stand til innmarksbeite. Kommunen har allereie vore på synfaring (april 2017) og vurdert kva som så langt kan godkjennast som innmarksbeite. Knappe 7 daa blei godkjent som innmarksbeite.

Hogstfelt 2:

Saka gjeld hogst av 32 dekar med gran i 2013 (sjå vedlegg) Arealet skal omdisponerast til innmarksbeite. Arealet er ikkje godkjent omdisponert innan 3 års fristen, men kommunen har gitt dispensasjon frå foryngingsplikta med inntil 2 år, totalt 5 år (2018) for å få sett arealet i stand til innmarksbeite. Kommunen har også her vore på synfaring (april 2017) og vurdert kva som så langt kan godkjennast som innmarksbeite. Om lag 6 daa blei godkjent som innmarksbeite

Hogstfelt 3:

Saka gjeld hogst av 30 dekar med gran i 2011 (sjå vedlegg). Hogstfeltet blei kontrollert i 2013. Arealet skal omdisponerast til innmarksbeite. I 2013 blei gitt dispensasjon frå foryngingsplikta med frist innan utgangen av 2016 for å få sett arealet i stand til innmarksbeite. Arealet ligg per dato utan ein tilfredsstillande jord- eller skogproduksjon. Etter fristen i 2016 har det ikkje vore vidare oppfølging. (Kommunen har i etterkant av forvaltningskontrollen vore på synfaring, der skogeigar opplyste at han regnar med at arealet blir klart til innmarksbeite i 2018).

Hogstfelt 4:

Saka gjeld hogst av 27 dekar med gran i 2011 (sjå vedlegg) Hogstfeltet blei kontrollert i 2014. Arealet skal omdisponerast til innmarksbeite. I 2015 blei gitt dispensasjon frå foryngingsplikta med frist innan utgangen av 2016 for å få sett arealet i stand til innmarksbeite. Arealet ligg framleis utan ein tilfredsstillande jord- eller skogproduksjon. Etter fristen i 2016 har det ikkje vore vidare oppfølging.

Hogstfelt 5:

Saka gjeld hogst av 26 dekar med gran i 2011 (sjå vedlegg). Arealet skal omdisponerast til innmarksbeite. I 2014 blei halvparten av arealet (13 dekar) godkjent til innmarksbeite. For resten av arealet blei gitt dispensasjon frå foryngingsplikta i 2015 med frist innan utgangen av 2016 for å få sett arealet i stand til innmarksbeite. Siste halvdel av arealet ligg framleis

utan ein tilfredsstillande jord- eller skogproduksjon. Etter fristen i 2016 har det ikkje vore vidare oppfølging.

Hogstfelt 6:

Saka gjeld hogst av om lag 18 dekar med gran i 2009 (sjå vedlegg). 4 dekar av hogstfeltet blei tilplanta i 2011. Resten av arealet ligg framleis utan ein tilfredsstillande jord- eller skogproduksjon. Etter 2011 har det ikkje vore vidare oppfølging på resten av hogstfeltet.

Hogstfelt 7 og 8:

Saka gjeld hogst av om lag 57 dekar med gran i 2008 på naboeigedomane (sjå vedlegg). Hogstfeltet blei kontrollert av Fylkesmannen og kommunen i 2011. Arealet skal omdisponerast til innmarksbeite. I rapporten frå kontrollen med kommunen og Fylkesmannen i 2011, blir det gitt tydelege signal/pålegg om at det hastar med å få arealet godkjent til innmarksbeite, eller sett det i ny skogproduksjon. 18 av 57 dekar er så langt godkjent til innmarksbeite i 2011. Resten av arealet ligg framleis utan ein tilfredsstillande jord- eller skogproduksjon. Etter 2011 har det ikkje vore vidare oppfølging.

Hogstfelt 9:

Saka gjeld hogst av om lag 10 dekar med gran i 2008 på (sjå vedlegg). Hogstfeltet blei kontrollert av kommunen i 2011. Arealet var då allereie godkjent (2009) til innmarksbeite. I tillegg ser det ut frå flybilete og historikk i ØKS at det er fleire eldre furuhogstar på eigedommen der det ikkje er lagt til rette for å få opp ny skog.

Hogstfelt 10:

Saka gjeld hogst av om lag 50 dekar med gran og furu i 2009 (sjå vedlegg). Feltet blei kontrollert av kommunen i 2012. 40 daa av arealet blei godkjent til nydyrking i 2012 med frist til å sette i gong tiltaket innan 2015. I 2012 blei 4,3 dekar godkjent nydyrka og 6,3 dekar godkjent som innmarksbeite. Relativ store og gode areal ligg framleis utan at dei er nydyrka/tilfredsstillande jord- eller skogproduksjon. Etter 2012 har det ikkje vore vidare oppfølging.

Hogstfelt 11:

Saka gjeld hogst av 30 dekar med gran i 2014 på (sjå vedlegg). Det er søkt om nydyrking av heile arealet. Dette er handsama og godkjent av kommunen i 2017 med frist om å setje i verk tiltaket innan 3 år .

Hogstfelt 12:

Saka gjeld hogst av 38 dekar med gran i 2014 (sjå vedlegg). Det er søkt om nydyrking av heile arealet. Dette er handsama og godkjent av kommunen i 2015 med frist om å setje i verk tiltaket innan 3 år.

Hogstfelt 13:

Saka gjeld hogst av om lag 11 dekar med gran og litt lerk i 2008 (sjå vedlegg). Kommunen var i 2010 i kontakt med skogeigar og gav råd om foryngingstiltak og finansiering. Hogstfeltet blei kontrollert av Fylkesmannen og kommunen i 2011. Hogstarealet ligg framleis utan ein tilfredsstillande jord- eller skogproduksjon. Det har vore kontakt mot skogeigar i samband med aksjon skogkultur i 2010 utan at dette har resultert i foryngingstiltak. Etter 2011 har det ikkje vore vidare oppfølging.

Oppsummert

Gjennomgangen av i alt 12 kontrollfelt i forhold til foryngingsplikta viste at kommunen har god oversikt/lokalkunnskap over alle hogstfelta, men at relativt mange hogstfelt, 7 av 12, ikkje er tilfredsstillande følgt opp innanfor dei tidsfristar og krav som blir stilt i regelverket.

Retningslinene frå Landbruksdirektoratet og Fylkesmannen for skriftleg oppfølging av foryngingsplikta er delvis tekne i bruk (utsending av eigenmeldingsskjema, feltkontroll, rapportar frå kontroll og skriftleg loggføring av korrespondanse i excel). Det er informert skriftleg om gjeldande krav til forynging, både gjennom generell informasjon, men også skriftleg og direkte ut mot skogeigarane. Regelbrot knytt til foryngingsplikta og mal for juridisk oppfølging er ikkje tatt i bruk. Fylkesmannen sine retningsliner for omdisponering av skogareal til jordbruksformål er tatt i bruk.

Økonomisystemet for skogordningane (ØKS) har eit opplegg for oppfølging av foryngingsplikta. Kommunen har ikkje tatt i bruk ØKS til dette formålet, men har utarbeidd ei eiga excel fil for oppfølging og loggføring av skriftleg korrespondanse og tilbakemeldingar frå skogeigarar. «Oppfølgingsloggen» er ikkje tilgjengeleg for andre enn saksansvarleg.

Vi registrerer at mange hogstfelt med svært høy bonitet blir liggande brakk over mange år utan ein tilfredsstillande jord- eller skogproduksjon. Ut frå vår gjennomgang av risikobasert uttrekk av hogstfelt, ser det ut til at kommunen har fått på plass betre rutinar og tettare oppfølging av foryngingsplikta dei siste åra. Det er blant anna samarbeid med næringsaktørane for utveksling av informasjon om kven av skogeigarane som har bestilt planter anten av Vestskog SA eller Nortømmer AS. Kommunen prioriterer sin innsats mot de skogeigarane som ikkje ser ut til å ha gjort aktive foryngingstiltak.

Faste kontrolloppgåver og ekstraordinære kontrolltiltak er gjennomført og registrert i ØKS med tilhøyrande rapportar sendt ut til skogeigarane.

Oppfølging av plantefelta med ungskogpleie har ikkje blitt prioritert av kommunen.

Fylkesmannen si vurdering

Det går fram av offisiell statistikk for Vindafjord at det er stor ubalanse mellom hogstareal og det som skjer av foryngingstiltak/planting dei siste 10-12 åra. Gjennomgang av kontrollen underbygger også dette, og det er på det reine at ein del hogstflater ikkje er forynga. Ein del

av differansen kan forklarast ved at noko er omdisponert og godkjent til innmarksbeite. Vi ser derimot at areal tenkt brukt til blant anna innmarksbeite også blir liggjande i mange år utan tilfredsstillande grasproduksjon. Det er difor grunn til å reise spørsmål om behovet for meir innmarksbeite er reelt i enkelte tilfelle.

Kommunen er på etterskot i oppfølging av foryngingsplikta. Konsekvensane blir at svært gode areal ligg brakk utan ein tilfredsstillande jord- eller skogproduksjon. I tillegg blir det meir utfordrande å få etablert ny kvalitetsskog når om lag alt areal er på høg, eller super bonitet. Dei juridiske verkemidla og mal for oppfølging er ikkje teke i bruk.

Det er positivt at kommunen ser ut til å ha fått på plass betre rutinar for oppfølging av foryngingsplikta, men dette krev at kommunen set av nok ressursar for ei god og effektiv oppfølging. Den skogfagleg kompetansen finst, men andre oppgåver ser ut til å gå utover dei lovpålagte oppgåvene på skogområdet i ein stor skogkommune. I tillegg utløyser stor hogstaktivitet over mange år vesentleg fleire forvaltningsoppgåver. Det er positivt at kommunen har fått på plass utveksling av informasjon mellom kommunen og tømmeroppkjøparane. Dette bidreg til ei meir effektiv og målretta bruk av ressursane der risikoen er størst for at areala ikkje blir sett i ny jord- eller skogproduksjon.

Foryngingsplikta er først innfridd når plantene har overvunne konkurransen frå lauvoppslag og anna ukрут. Det er difor heilt nødvendig at plantefelta blir følgt opp med ungskogpleie for å lukkast med ei tilfredsstillande forynging i tråd med krava i Skoglova/regelverket. Ekstra utfordrande er dette i Vindafjord, der over 85 % av det produktive skogarealet er på høg eller super bonitet. Det normale på så gode vekstforhold er at ein bør inn med 2-3 rundar ungskogpleie for å lukkast med å få opp ny kvalitetsskog. Statistikken for ungskogpleie viser at plantefelta i liten grad har blitt følgt opp med ungskogpleie. På grunn av manglande kapasitet har ikkje dette arbeidet blitt prioritert.

Kommunen skal ha ros for god forvaltning av landbruksvegane og generelt infoarbeid med blant anna relevant informasjon til målgruppa gjennom «Vindafjordbruket» som gis ut med jamne mellomrom. Kommunen nyttar og «varsling 24», eit system for å sende ut meldingar til store grupper for å varsel om t.d fristar og anna viktig informasjon.

Avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor fann vi følgjande avvik:

- Foryngingsplikta er ikkje følgt opp i samsvar med regelverket
- Ungskogpleie for å sikre ei vellukka skogetablering er ikkje følgt opp

Merknader

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknader:

- All skriftleg korrespondanse blir registrert i kommunen sitt saksbehandlingssystem, men i forhold til oppfølging av foryngingsplikta vil vi tilrå at ein tek i bruk opplegget som allereie ligg inne i økonomisystemet for skogordningane (ØKS).

6.3.2 Tilskots- og skogfondsforvaltning - skogkultur - kontroll av underbilag, og tiltaksstrategi for nærings – og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)

Kommunen blei varsla i forkant av forvaltningskontrollen om kva saker som er plukka ut, slik at dei kunne ha underbilag og nødvendig dokumentasjon klar på kontrolldagen.

Om regelverket

Kommunen har ansvaret for forvaltninga etter "Forskrift om skogfond o.a.", jf. § 12 og 17 og "Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket", jf. § 12. Alle krav om utbetaling skal vere tilstrekkeleg dokumentert, og kommunen skal i naudsynt omfang kontrollere gjennomførte investeringar og utførte tiltak før utbetaling. Det er krav om at det skal fastsetjast overordna retningsliner – tiltaksstrategi for prioritering og forvaltning av tilskotsordningane på skogområdet, jf. § 3.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

I forvaltninga av dei økonomiske verkemidla, kalla Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK), skal kommunen ha utarbeidd fireårige strategiar. Kommunen har per dato ingen gjeldande strategiplan for tilskotsordninga NMSK. Den siste strategiplanen gjekk ut i 2010 («Tiltaksplan for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) og for nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) i Vindafjord kommune for perioden 2007-2010»). Ny tiltaksstrategi er sett opp i kommunen sin økonomiplan for gjennomgang i 2017.

Det blei plukka ut 4 stikkprøvar på ordinære skogkulturtiltak i 2016 der det er utbetalt tilskot og skogfond.

Det er ingen merknader til utbetaling av tilskot og skogfond knytt til skogkulturtiltaka – skogfondskonto sak 1, 2, 3 og 4 (sjå vedlegg). Kommunen har nødvendige underskrifter og underbilag på plass, og det er gjort ei skogfagleg vurdering av om kostnadene er innanfor akseptable kostnadsrammer. Godkjente kostnader er i tråd med "Kostnadsgrenser for skogkulturtiltak" utarbeidd av Fylkesmannen i samarbeid med kommunane.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen har nødvendig dokumentasjon på kostnadsgrunnlaget for utbetaling av tilskot og skogfond til skogkultur. Rutinane for handtering av dokumentasjon/bilag er god.

Kommunen manglar tiltaksstrategi for forvaltninga av tilskotsordningane på skogområde.

Tiltaksstrategien skal utarbeidast i samarbeid med kommune, Fylkesmann og næringsorganisasjonane lokalt. Tiltaksstrategien skal gje ei betre forankring og synleggjering av "Skogsatsinga" i kommunen med fokus på korleis ein vil vidareutvikla skogen i Vindafjord ytterlegare, med tanke på både auka verdiskapinga og CO₂-binding. Fylkesmannen har utarbeidd ein eigen mal for kommunane til hjelp i arbeidet. Denne ligg ute på vår heimeside.

Avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor fann vi følgjande avvik:

- Kommunen manglar strategi for nærings- og miljøtiltak i kommunen

Merknader

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknader:

- Ingen

6.4

Tema 3– Tilskot etter regionalt miljøprogram

Om regleverket

Kommunen har ansvar for å fatte vedtak etter RMP-forskrifta jf. § 27. Tilskot blir utbetalt etter utfyllande retningslinjer, satsar, definisjonar m. v. fastsett av Fylkesmannen i Rogaland i samråd med Rogaland Bondelag og Rogaland Bonde- og småbrukarlag. Retningslinjer for utbetaling av regionale miljøtilskot er omtalt i Landbruksdirektoratet sitt rundskriv 2016-9, og i Fylkesmannen sitt rundskriv 1/2016.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen har to saksbehandlarar som behandlar RMP- søknadane. Saksbehandlinga blir gjort etter at kommunen er ferdig med å behandle søknadane om produksjonstilskot. Kommunen bruker saksbehandlingssystemet eStil-RMP til å arkivere elektroniske søknadar, medan papirsøknadar blir arkivert i kommunen sitt arkivsystem

Kommunen har rutinar for å gå igjennom søknadane, og for å bruke merknadsfeltet. Det er ikkje laga egne sjekklister for gjennomgang av søknadane. Kommunen bruker rettleiingsheftet og saksbehandlingsrundskriv i gjennomgangen av søknaden, og samanliknar med søknad om produksjonstilskot. Kommunen endrar ikkje søknadsdata med mindre søkjar har bedt om det i merknadsfeltet til søknaden, då gjerne i samband med oppmåling av tiltak på kart. Kommunen har rutinar for å vurdere avkorting, varsle og avkorte tilskot i saker der søkjar har gitt feilopplysningar som kunne ført til meirutbetaling.

Kommunen har utført stadleg kontroll av 5 % av føretaka. Kontrollen er risikobasert. Risikomoment og kontrolltema blir ikkje notert skriftleg. Kontrollen blir utført i november.

I kontrollen blei det sett spesielt på tilskotsordningane; tilrettelegging av turstiar, miljøavtalar og miljøvenleg gjødselspreiing. Kommunen har saksbehandla søknadar om tilskot til desse ordningane i tråd med føringane i RMP.

Fylkesmannen sin vurdering

Vindafjord kommune sin forvaltning av regionalt miljøtilskot er svært god. Det er ei styrke at to personar har ansvar for saksbehandlninga. Fylkesmannen har i kontrollen ikkje funne avvik på dei tema som blei kontrollert; rutinar for saksbehandling og stadleg kontroll og forvaltning av dei nemnte tilskotsordningane. Når det gjeld stadleg kontroll er vår anbefaling at kommunen etablerer rutinar for å skriftleg notere ned kontrolltema for kvart år.

Merknad

Kommunen har ikkje rutine for å notere ned risikotema for stadleg kontroll.

7. Oppfølging etter kontrollen

Vindafjord kommune må innan 15. desember 2017 gjere greie for kva tiltak som er sett i verk for å rette opp registrerte avvik. Dersom avvik ikkje er retta opp på dette tidspunkt, skal utgreiinga innehalde ein tidfesta plan for korleis avvik skal rettast opp. I tillegg er det ønskeleg å få tilbakemelding på kva planar kommunen har for forbetringar på dei områda som det blir synt til i merknadane.